



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 31.05.2016  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Linda Neset	SO	Medlem	Meldt forfall

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Frank Stian Steinsland	SO	Varamedlem	Vara for Linda Neset, Permisjon frå 11.45

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
027/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/2016	Godkjenning av møtebok
029/2016	Referatsaker
030/2016	Orienteringssaker
032/2016	Rekneskap og årsmelding for 2015
031/2016	Bygging av bustader for flyktningar
033/2016	Utfisking i Steinslands- og Stølsvatnet - søknad om tilskot
034/2016	Uttale frå Modalen kommune - Driftskonsesjon for Otterstad sandtak i Modalen
035/2016	Tertialrapport nr 1 - 2016
036/2016	Søknad om konsesjon på GBNR 81/3 og 55 etter brot på lovbestemt buplikt.
037/2016	Høyringsuttale - Søknad om løyve til 8 små vasskraftverk i Modalen kommune i Hordaland, fleire søkjarar
038/2016	Administrativt vertskommunesamarbeid om hjorteforvaltninga med Vaksdal og Voss kommunar
039/2016	Tildeling av Modalsprisen 2016.
040/2016	Fornyng av sals- og skjenkeløyve for løyveperioden 01.07.2016 - 30.06.2020

### Notat frå møtet:

Innkalla varamedlem vart permitert kl 11.45 . Etterpå var det 4 medlemar til stades. Følgjande saker vart då handsama: 030 - 037 - 038 - 039 og 040.

027/2016: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Tilleggsak 40/2016 vart sendt ut ved oppstart av møte. Formannskapet godkjende at den vart handsama.

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

028/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

029/2016: Referatsaker

Behandling:

Samrøytes

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

030/2016: Orienteringssaker

Behandling:

**TV - aksjonen 2016**

Ordførar orienterte om innsamling av midlar til Røde Kors i årets aksjon.

Formannskapet peikar seg sjølv ut som komite for innsamlinga.

### **Søknad om kompensasjonsmidlar 2016/2017**

Rådmannen orienterte om høve til å sende inn søknad frå kommunen/lokalt æringsliv. Ordførar/varaordførar føl opp dette i eit møte med reiselivsbedriftene. Rådmannen sender søknad innan frist 1. juli.

### **Modalen Eksingedalen Billag - aksjar**

Rådmannen orienterte om motteken førespurnad frå selskapet. Modalen kommune takkar nei til å melde interesse for fortrinn til kjøp av aksjar.

### **Tannlegekontoret i Modalen**

Ordførar orienterte om status og drøftingar saman med Masfjorden kommune. Sendt brev til Hordaland fylkeskommune om saka.

### **Bowling**

Rådmannen orienterte om trong for oppgradering av dataprogrammet for bowlinganlegget i Bryggjeslottet. Formannskapet ønskjer at dette vert ordna snarast. Rådmannen føl det opp og legg fram eit forslag til finansiering av kostnader ved handsaminga av årsrekneskapet for 2015.

### **Vaksdal sine sjukeheimplassar ved Modalstunet**

Ordførar og rådmann orienterte om status. Ordførar føl opp med kontakt til ordførar i Vaksdal

### **Ekstra møte i Formannskapet**

Trong for eit ekstra møte i formannskapet vart drøfta. Avtalt møtedato 21. juni. Ordførar og rådmann førebur dette.

### **Vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering med oppfølging som avtalt i møtet.

---

032/2016: Rekneskap og årsmelding for 2015

Behandling:

Rådmannen orienterte i møtet

Samrøystes

Vedtak:

Rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2015 vert disponert slik: Kr 2 808 453,25 vert avsett til disposisjonsfond.

Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2015 vert godkjent slik dei ligg føre.

---

031/2016: Bygging av bustader for flyktningar

Behandling:

Lokalisering, økonomi i prosjektet og behov vart drøfta.

Etter ei samla vurdering vart ikkje rådmannen sitt framlegg tilrådd .

Samrøystes

Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vert avvist.

---

033/2016: Utfisking i Steinslands- og Stølsvatnet - søknad om tilskot

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Storavatnet fiskarlag vert tildelt slik tilskot frå Modalen kommune sitt fond frå fiske/vilt for utfisking av aure i Steinslandsvatnet:

**Inntil kr 567.400 til investeringar med slik fordeling i høve budsjett:**

Investeringar utstyr/anlegg	Søknad 1000 kr	Lagt til grunn 1000 kr	Tilskot %	Stønadssamme 1000 kr
Båt med motor	200	200	60	120
Flytebyggje med landgang	30	30	60	18
Landanlegg til flytebyggje	300	300	60	180
Utstyrbygg i stål	150	150	60	90
Arbeid med å føre opp stålbygg	100	100	60	60
Båthengar	24	24	60	18
40 garn	25.2	25.2	100	14,4
Stor fiskeruse	100	utgår		0
4 redningsvestar	3	3	100	3
2 flytedressar	4	4	100	4
Liner blåser	40	40	100	40
Nye garn, uforesett og vedlikehald	50	Evaluering(20)	100	20
<b>Samla investering</b>	<b>1.026.2</b>	<b>896.2</b>		<b>567,4</b>

#### Inntil kr 214.000 til arbeid utfisking med slik fordeling i høve budsjett:

Arbeid utfisking kr 350.- /time	Søknad 1000 kr	Lagt til grunn 1000 kr	Tilskot %	Stønadssamme 1000 kr
År 1 (350 timar)	122.5	122.5	75	92
År 2 (350 timar)	122.5	122.5	75	92
År 3 (100 timar)	35	evaluering		-
År 4 (100 timar)	35	evaluering		-
År 5 (100 timar)	35	evaluering		-
Anna arbeid med tiltaket, vedlikehald, frakt av fisk (200 t)	70	40	75	30
<b>Samla arbeid (5) 2 første år</b>	<b>470</b>	<b>295</b>		<b>214</b>

Fiske med ruse utgår i første fase slik driftsplanen tilrår.

Det må føretakast ei fagleg vurdering i høve pågåande kultiveringsarbeid i Modalselva, om det er tenleg å setje ut innfanga aure i Mofjorden.

Det vert stilt krav til ei prosjektevaluering etter 2 år. Ytterlegare finansiering vil verte vurdert når status-/evalueringssrapport/rekneskap for dei 2 første åra føreligg og ein revidert driftsplan/budsjett for vidare prosjektarbeid er laga.

Det vert stilt krav til ein andel eigafinansiering på større investeringar, som har ein stor restverdi etter gjennomført prosjektperiode, slik det framgår av tabell i saksutgreiinga.

Inntil 30 % av tilskot kan utbetalast til søkjar når vedtak om løyving er gjeve og tiltak vert starta opp. Utover dette skal søkjar framleggje dokumentasjon for påløpte kostnader i samsvar med budsjett før ytterlegare tilskot vert utbetalt.

Når tiltak/prosjektet er avslutta skal søker sende ein sluttrapport om gjennomføringa og prosjektrekneskap til Modalen kommune.

Løyve til oppføring av bygg og anlegg som framgår av søknaden, vert å handsama i eiga sak der dette er turvande etter Plan- og Bygningslova eller anna lovverk.

---

034/2016: Uttale frå Modalen kommune - Driftskonsesjon for Otterstad sandtak i Modalen

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune viser til konsesjonssøknad datert 15.10.2015 etter minerallovas § 43 fra Oddbjørn Otterstad og vil gje slik uttale.

Modalen kommune har følgjande merknader til søknaden:

I følgje minerallovas § 5 erstattar ikkje løyve etter denne lova tillatelse, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving. Dette betyr at konsesjon etter minerallova må halde seg innanfor dei rammer som ligg i godkjend arealplan for området etter plan- og bygningslova.

I søknaden fra Otterstad er det svart «Ja» i ruta «Godkjent reguleringsplan» i rubrikk 4.2, og vist til namnet på planen som «Kommuneplan for Modalen».

Kommuneplanen er den overordna planen, men her gjeld også reguleringsplan, som inneheld dei nærmare begrensningane for uttaket.

Nogjeldende reguleringsplan for Mo – Otterstad godkjent av Mo kommunestyre 19.12.1991 avset arealet til blanda formål, suksessivt masseuttak og jordbruk, der det ligg begrensningar i reguleringsbestemmelsane. Planområdet føreset då at det vert omdisponert til jordbruksareal etter at masseuttaket er avslutta.

I reguleringsbestemmelsane er det innteke følgjande i § 6:

6.2. *Eksisterende sandtak skal ikkje avsluttast på en kotehøgde som er lågare enn næraste offentlege veg og heller ikkje slik at en aukar rasfaren.*

6.3. *Som del av industriområdet skal det etablerast et isolasjonsbelte/tilplanta areal mellom industriverksemdene/sanddrifta og tilstøytande areal som vist på planen.*

Desse bestemmelsane set då grensa for uttaksdjupna og inneheld begrensningar av uttaket nær offentleg veg.

Det siste er vesentleg når det gjeld vegen på nordsida av sandtaket opp til bustadfelt, som i 1970-åra vart kjøpt frå Otterstad sin eigedom og som er bygt ut med bustader iht. reguleringsplan fra 1975.

**Vedlegg 1:** Kopi av reguleringsplankart frå 1975.

**Vedlegg 2:** Kopi av reguleringsplankart og planbestemmelsar frå 1991.

Reguleringsplanen fra 1991 avløyste då reguleringsplanen frå 1975.

Det er av heilt vesentlig betydning at det ikkje vert gjeve løyve til ein driftsplan som gjev ytterlegare utrasingsfare for vegen opp til bustadfeltet ved avgraving av skråningane langs denne vegen. Dette momentet ser Modalen kommune som svært viktig å få ivareteke ved konsesjonsbehandlninga.

Eit anna viktig punkt er at ovanfor siterte reguleringsbestemmelse om kotehøyden for avslutta sandtak ikkje skal vere lågare enn den nærmaste offentlege vegen, som er vegen langs sørsida av arealet.

Dei ovannemnde begrensningane med grunnlag i reguleringsbestemmelsene for området må derfor setjast som vilkår ved tildeling av konsesjon.

---

035/2016: Tertialrapport nr 1 - 2016

**Behandling:**

Rådmannen orienterte i møtet

Samrøystes

**Vedtak:**

Tertialrapport nr 1 – 2016 vert teken til orientering.

Investeringsbudsjettet vert justert i tråd med oppsettet i saksframlegget

---



036/2016: Søknad om konsesjon på GBNR 81/3 og 55 etter brot på lovbestemt buplikt.

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune avslår søknad om konsesjon frå John Magne Leknes for overtaking av GBNR 81/3 og 55 i Modalen.

Grunngjeving for avslaget er at Modalen kommune legg særleg vekt på at det er ynskje om å oppretthalda busetjing på Øvre Helland.

Kommunen ynskjer at flest mogleg landbrukseigedomar skal vera busett av eigarane, og ein eigar som bur på eigedomen vil ha større moglegheit for å i vareta ressursane på gardsbruket i eit langsiktig perspektiv enn ein som ikkje gjer det.

Bruket har gode arealressursar som kan gje grunnlag for sjølvstendig drift, og det vil difor gje ei betre driftsmessig løysing dersom bruket får ein eigar som vil bu der.

Sidan kommunen avslår søknad om konsesjon er det ikkje aktuelt å vurderer søknad om 2 års buplikt.

Vedtaket har heimel i §§ 1 og 9 i konsesjonslova.

---

037/2016: Høyringsuttale - Søknad om løyve til 8 små vasskraftverk i Modalen kommune i Hordaland, fleire søkjarar

Behandling:

**Vurdering av habilitet for medlemmer av formannskap og kommunestyre:**

Ordførar og rådmann hadde før møtet føreteke ei vurdering av habiliteten til ulike medlemmar av formannskapet og kommunestyret.

Saka omfemner 8 konsesjonssøknader. Mange medlemmer er innhabile gjennom direkte økonomiske interesser som grunneigarar/rettighetshavarar og/eller ved nær slektskap. Formannskapet føretok ei vurdering av habilitetstilhøva og konkluderte med at det ikkje vil vere mogleg å handsame saka i eit vedtaksfør formannskap, sjølv om alle varamedlemer vart nytta.

Ordførar er gift med styreleiar i Modalen kraftlag og er derfor også ugild i saka.

Varaordførar vil derfor vere den som tek ansvar for den vidare politiske handsaminga.

**Vedtak:**

Saka vert å leggja fram for kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

---

038/2016: Administrativt vertskommunesamarbeid om hjorteforvaltninga med Vaksdal og Voss kommunar

**Behandling:**

Samrøystes

**Vedtak:**

I medhald av § 28-1 b i kommunelova, inngår Modalen kommune administrativt vertskommunesamarbeid med Vaksdal kommune om administrasjon av hjortevald som inngår i kommuneoverskridande bestandsplanområde for hjort.

Vaksdal kommune vert vertskommune/administrasjonskommune i tråd med særskilt avtale og § 17, første ledd, i forskrift om hjorteforvaltning, jf. saksutgreiinga. Med heimel i 28-1b i kommunelova, medfører delegasjonen overføring av mynde til Vaksdal kommune for å utføre lovpålagte oppgåver og treffe avgjerder i enkelte saker som ikkje er av prinsipiell tyding. Ansvarsområda for overføringa går fram av § 17 i hjorteviltforskrifta.

Vertskommunesamarbeidet føreset samtykke og politisk vedtak frå Vaksdal kommune i høve til kommunelova.

Samarbeidet byrjar frå og med 15.06.2016. Delegeringa av mynde frå Modalen kommune, gjeld berre så lenge valda inngår i felles bestandsplanområde. Administrasjon av vald som melder seg ut av bestandsplanområdet i samsvar med reglane i § 14 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, fell då attende til kommunen der valda høyrer heime.

Rådmannen i Modalen kommune utarbeider og inngår skriftleg avtale med rådmannen i Vaksdal kommune i tråd med § 28-1 b, punkt 1 i kommunelova, etter at vertskommunesamarbeidet er vedteke politisk i kommunane.

---

039/2016: Tildeling av Modalsprisen 2016.

**Behandling:**

Framlegg vart drøfta i møtet

Tre medlemar deltok under drøftinga.

**Vedtak:**

Formannskapet vedtek å dele ut prisen under Modalsdagane 2016 der ordførar då offentleggjer vedtaket.

---

040/2016: Fornyng av sals- og skjenkeløyve for løyveperioden 01.07.2016 - 30.06.2020

**Behandling:**

Samrøystes

**Vedtak:**

Kommunestyret har gått gjennom alkoholpolitisk handlingsplan, og vurdert sals og skjenkepolitikken i kommunen. Dei sals- og skjenkeløyver som vart gjeve i forrige kommunestyreperiode vert vidareført for 4 nye år slik som skissert under:

COOP Modalen får løyve til sal av  
øl med inntil 4,75 volumprosent alkohol  
vin med inntil 4,75 volumprosent alkohol  
brennevin med inntil 4,75 volumprosent alkohol

Løyvet gjeld for perioden f.o.m 01.07.2016 t.o.m 30.06.2020 desse stadene:

Coop Marked Mo:

Løyvehavar er Coop Modalen v/ Roger W. Fure  
Styrar for løyvet er Roger W. Fure  
Stedfortredar for styrar er Haldis Fjellanger

Coop Nærkjøp Øvre Helland:

Løyvehavar er Coop Modalen v/ Roger W. Fure  
Styrar for løyvet er Maybritt Sjøholm  
Stedfortredar for styrar er Haldis Fjellanger

For begge løyva gjeld:

Salet kan gå føre seg mellom klokka:

08.00 og 20.00 på kvardagar.

08.00 og 18.00 på dagar før søn- og heilagdag. Jfr. alkohollova §3-7.

Løyvehavar og styrar pliktar å sjå til at alkohollova sine bestemmelsar vert fylgde.

Modalen Kommune vil føra kontroll med salsstadene i samsvar med Alkohollova § 1-9.

Mobryggen AS får skjenkeløyve for øl, vin og brennevin for perioden f.o.m 01.07.2016 t.o.m 30.06.2020.

For skjenkeløyvet gjeld:

- a. Løyvehavar er Egill Kristjansson.

- b. Styrar for løyvet er Egill Kristjánsson. Avløyssar for styrar er Gudbjörg Vilhjálmsdóttir.
- c. Løyvet gjeld kro og fellesareal i 1.høgda. I tillegg gjeld løyvet for uteservering på overbygd areal og inngjerda kaiområde. Styrar for løyvet er ansvarleg for tilstrekkeleg avskjerming av skjenkearealet ute. Avskjerminga skal vera godkjent av kommunen, og fri ferdsel på kaiområdet skal sikrast.
- d. Skjenketid:  
Brennevin      alle vekedagar: kl. 13.00 – 24.00  
Vin og øl        alle vekedagar: kl. 08.00 – 02.00
- e. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.
- f. Det vert sett som vilkår at det i den tida det vert servert alkoholhaldig drikk også skal gjevast tilbod om matsservering.
- g. Modalen kommune har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.

Bryggjeslottet får skjenkeløyve for øl og vin til slutta lag i perioden f.o.m 01.07.2016 t.o.m 30.06.2020.

For skjenkeløyvet gjeld:

- a. Løyvehavar er Bjørn Eikefet.
  - b. Styrar for løyvet er Bjørn Eikefet.
  - c. Løyvet gjeld skjenking til slutta lag av gjestar.
  - d. Løyvet gjeld berre innandørs. Utanforståande skal ikkje ha tilgang til lokalet der det vert skjenka eller konsumert alkohol.
  - e. Skjenketid: kl. 15.00 – 01.00.
  - f. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.
  - g. Modalen kommune har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.
-